



Dette er det justerte framlegget om avkjørsle frå Uskedalen Eiendomsutvikling.

Thomas Eik (89) vann fram med protesten mot at Uskedalen Eiendomsutvikling fekk gå inn på grunnen hans for å få til avkjørsle ned til dei åtte planlagte bustadene på Eikelandet. No har arkitekt Ove Grung meldt at utbyggjaren har "sett seg nødt til å få til avkjørsle på egen grunn".

Grung skriv at Eik stiller seg negativ til at det skal opparbeidast sams avkjørsle frå dei to eigedomane. - Gjettatte forsøk på konstruktiv dialog med nabo har ikke ført fram, heter det i brevet. Men for at ein skal unngå ytterlegare forsinking i prosessen har Uskedalen Eiendomsutvikling sett seg nødt til å få til avkjørsle på eigen grunn. Det betyr at avkjørsle er flytta mot vest samstundes som veglegemet til UE er flytta ein meter mot nord. Arkitekten vonar at krav til svingradius og helning er ivarettatt med dette.

Då forvaltningskomiteen var på synfaring for stutt tid sidan opplyste Eik at det planlagte inngrepet i eigedomen var ukjent for han heilt til sist vår. Han var svært skuffa over at det ikkje var teke kontakt med han på førehand.

Rådmannen, med tilslutning av politikanane, utala av avkjørsle-saka var noko som partane måtte einast om, eventuelt at dei saman med vegvesenet kunne finna fram til ei plassering av avkjørsle som var tilstrekkeleg trafikksikker for riksvegen.

Avkjørsle må vera ferdig opparbeidd og godkjent før vegvesenet får igongsetjingsløyve for dei åtte bustadene. Og vegkontoret si godkjenning forutset at naboane blir einige. No spørres det kva vegvesenet meiner om den løysinga som ligg på bordet.

Av Ola Matti Mathisen



Thomas Eik står ved hageporten sin – han vann fram med klaga. (Foto: Ola Matti Mathisen)